

Thomas scora to mål

23.09.2007

Thomas Halvorsen frå Uskedalen var tydelegvis i scoringshumør då smågutespelarane til Rosendal/Uskedal i dag møtte Strandebarm på bortebane. I ein kamp som vårt lag vann 4-0 scora han to av måla.

Thomas har også utmerka seg gjennom sesongen som ein positiv, aktiv og lovande dommar.

Dei andre måla vart sett inn av Vegard Ludvigsen og Vegard Iversen. Dette smågutelaget har hatt ein svært god sesong, og dei kjempar no med Odda om topp-plassen i si pulje i Smågut 93, 3. divisjon. Med ei fin avslutning kan dei nå heilt til topps på tabellen.

Av Thor Inge Døssland